

Styremøte Sirdal bygdekvinnelag 27.02.18

Til stades: Anita Haugen, Solveig Marie Ådneram, Tone Østtveit Kvinen og Åse-Berit Fidjeland

Meldt forfall: Karine Tjørhom Myhra og , Eva Marianne Tennfjord

Sak 5/18: NBK- og RBK-nytt

1) Temakurs Stavanger 19.-20. januar 2018

Solveig Marie og Åse-Berit informerte frå temakurset dei var på 19.-20. januar i Stavanger, der det vart fokusert på prosjektet KvinnerUT. Det er noko av det same som Bygda i bevegelse med fire turar i løpet av året, der to skal vera på tur og der to kan kombinerast med ville vekster. Åse-Berit refererte historia Sosan Asgari Mollestad, som leiar KvinnerUT, fortalde som eit døme på kva ho legg i integrering og inkludering. Sola BK hadde nett besøk av henne på sonemøtet sitt. Me kan samarbeida med vaksenopplæringa om dette til neste år.

Elles fortalde ... om birøkt og ... om kvinnehelse med utgangspunkt i eigen familie, og det var kurs i heimesida. **Der** me la inn nokre endringar, men har gjort lite etterpå.

Solveig Marie minner om jenteturen som i haust går til Kroatia.

Sak 6/18: Årsmøtesaker Rogaland BK

Me har ingen kommentarar til anna enn auka køyregodtgjering, som er OK, og auka medlemskontingent. Kontingent skal òg opp på årsmøtet til Noregs bygdekvinnelag. Legg RBK på kr. 25,-, vert kontingenten kr. 700,-, og det verkar høgt for mange. Då det var auke i kontingenten i 2015 fall fleire i frå, og me er redde for det nå òg. Om ein ikkje er aktiv, blir det lett å melda seg ut då.

NBK tar 84% og fylket 16% av kontingenten, og 64 lokallag har i tillegg eigen delkontingent (5-150 NOK). Me lurar på kvifor lokallaga ikkje får noko, og om det vert for topptung leiing sentralt. Kva kan ev. kuttast på fylkesnivå? Portoutgifter og medlemsblad kan vera aktuelt, men utgjer ikkje store summar, og ein kan nytta e-post. Sjølv føreslår RBK å kutta i aktivitet eller å auka kontingent og deltakaravgifter, eller ei blanding av dei tre.

Det er styremedlemmer som får mest att, t.d. tema- og inspirasjonskurs, samt årsmøte, som "kompensasjon" for arbeidet i styret.

Sak 7/18: Årsplanaktivitetar

* **Syshow av "kaffiveske"** v/Ann Karin Sele går ut pga. sjukdom.

* **Basar** 16. mars:

- i) Overskotet går til hjartestartar til Sirdal skiarena, Tjørhom
- ii) Sal av lodd på dei ulike butikkane står på dugnadslista
- iii) Dugnadslista er sett opp, og om det ikkje passar, må medlemmane bytta seg imellom
- iv) **Gevinstar:**
Solveig Marie: Skitrekka, Sinneshyttå, Interiørbutikken og Fjellbutikken
Anita: GP, hotellet og Tormod Ou

Tone og Annbjørg kan selja lodd, for dei kan ikkje vera med på basaren, og Karine kan godt vera med på rydding og å skaffa gevinstar frå ulike butikkar og firma på Tonstad. Anita snakkar med Sirdal sag om benk (hovudgevinst).

Sak 3/18: Nye innbuarar

Karine har vore hos Cathrine Tjørhom og Åse-Berit hos Hilde Marie og Morten Alexander Almås og Martine Hadland, medan ho har att å besøkja Trine Grete Josdal og Hans Kristina Fjeldsaa og Solveig Marie har att å besøkja Eivind Klemetsen.

Fleire nye innbuarar veit me ikkje om, og me fekk ein liten diskusjon om dette burde gjelda dei som flyttar til Tonstad òg. Det er viktig for å føla seg velkomen og få vita kva som skjer, men det vert vanskeleg å vita kven og når. Uansett er det viktig å spreie informasjon om aktivitetar, ev. tilby seg å ta med nokon på arrangement, gjerne via facebookside til bygdekjennene. Ved opne arrangement vert det hengt opp plakatar på Tonstad, og t.d. leverte flyktningane eit bidrag til Peparkakebygda Sirdal 2017.

Sak 4/18: Litt av kvart

* Solveig Marie sjekkar kor mange frå SBK som kan delta på fylkesårsmøtet 2.-3. mars 2018 på Hjelmeland.

* Åse-Berit sender sisteutgåva av velkomstbrevet til nye innbuarar til alle i styret.

* Solveig Marie har fått noko scrapbook-utstyr, stempel m.m. som Gro har lagra på vegne av SBK. Åse-Berit lagar til gevinst(ar) av dette til basaren.

* Åse-Berit har ein pose med garn og nokre kvadratiske lappar. Ho lagar oppskrift, og kvart styremedlem spøtar ein lapp mellom styremøta.

* Forslag til aktivitetar neste årsplanperiode:

- pilkurs
- tapaskveld
- lysbilete frå landbruket i Patagonia v/Eva Marianne

Nytt møte: Tysdag 27. februar kl. 19.00 på personalrommet Sinnes skule